

OMTALE AV PLANEN

INNLEIING

Det blir med dette lagt fram forslag til reguleringsplan for gang-/sykkelveg undergang på Steinholt i Ørskog kommune. Planen er utarbeidd av Statens vegvesen Møre og Romsdal. Leiar for plan-arbeidet har vore avd. ingeniør Helge Svingen.

Reguleringsføresegnene og reguleringsplankartet m./teiknforklaring utgjer den juridisk bindande delen av planen. Tekst og teikningar som skal bidra til å gje meir utfyllande informasjon om planen er lagt ved som eige vedlegg (sjå vedlegg bak i hefte), og er ikkje juridisk bindande.

Eventuelle merknader og endringsforslag skal sendast Statens vegvesen Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6400 Molde innan den fristen som vert kunngjort når planen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Merknaden bør innehalde kvifor ein ønskjer å endre planen, og korleis ein ønskjer å endre han. Frå vegkontoret vil kopi av merknadene frå offentlege høyringsorgan, grunneigarar og andre bli sendt over til Ørskog kommune for slutthandsaming og eventuell godkjenning. Grunneigarane vil deretter få melding om godkjenninga. Godkjenningsvedtaket kan ankast til Miljøverndepartementet etter plan- og bygningslova § 27-3.

OMTALE AV PLANEN

Undergangen vert bygd for å få sikker kryssing av europaveg 39 for gåande og syklande. Undergangen vil innvendig bli 2,5 m høg og 3,5 m brei. På nordsida av europaveg 39 vil det bli adkomst via ein rampe frå vest og ei trapp frå øst.

I samband med bygginga må kommunal veg nord for europaveg 39 flyttast noko mot nord. Avkjørsel til eigedom 97/61 mellom Sjøholt Bedehus og Røde Kors sitt hus vert stengt. Eigedom 97/61 må bruke avkjørsel over eigedom 97/71. Sjøholt Bedehus vil få lagt om sin avkjørsel slik plankartet viser.

Det er ikkje vurdert støytiltak i denne planen som er eit reint trafikktryggingstiltak som ikkje endrar støyforholda.

Plankartet viser omfanget av grunnerverv for trafikkformål. Grunn vil bli erverva ut til 1 meter utanfor fyllingsfot og skjæringstopp.

Grunnerverv skjer ved avtale mellom grunneigaren og Vegvesenet, dersom det ikkje let seg gjere å få til minneleg avtale må grunn eksproprierast ved skjønn.